



Arkivnr: 2014/17092-21

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		23.09.2015

#### Fylkestingsvalet 2015 - klage på valet

##### Samandrag

Det er motteke ein klage på kommune- og fylkestingsvalet 2015. Klaga vart sendt i e-post 21. september 2015.

Fylkesrådmannen finn at klaga inneheld følgjande:

1. Klage på at det ikkje let seg gjere for NN å røyste ved årets kommune- og fylkestingsval.
2. At reglane kan endrast og verte så tydelege at det skal vere mogleg for NN å få røyste ved framtidige val.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og finn ikkje å rá til å ta den til følgje.

#### Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret gjev ikkje klagar medhald i klaga og saka vert sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Kronikk og uttale frå Likestillings- og diskrimineringsombodet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet

## Fylkesrådmannen, 22.09.2015

Fylkesrådmannen har motteke ein klage på fylkestingsvalet 2015. Klaga vart sendt i e-post 21. september 2015.

Jamfør vallova § 13-2 kan alle som har røysterett klage over forhold i samband med førebuinga og gjennomføringa av kommune- og fylkestingsvalet i den kommunen og det fylket vedkommande er manntalsførd. Ein slik klage må fremjast innan sju dagar etter valdagen. Dersom klaga gjeld både kommunestyre- og fylkestingsval vert den sett å gjelde begge val og skal settast fram for enten valstyret eller fylkesvalstyret. Departementet er klageinstans.

Klaga er motteke skriftleg innan fristen hos både kommune og fylke. Det vart avklart med kommunen det gjeld at saka skal settast fram for fylkesvalstyret.

### Klage

Klaga lyd:

*«Hei, som verge for NN vil jeg klage på at det ikke lot seg gjøre for (han/henne) å stemme ved årets kommune- og fylkestingsvalg. Som verge mener jeg at jeg er i min fulle rett til å hjelpe NN også på dette området. For at NN skulle få stemt må jeg hjelpe (han/henne). Men jeg fikk beskjed fra valgpersonalet at jeg kunne bli med inn i valgavlukket, men ikke hjelpe (han/henne) å trekke frem parti-ark. NN har ikke talespråk og kan verken les eller skrive. Hvordan skal (han/hun) signalisere hvilket ark (han/hun) vil ha eller kunne klare å trekke 'riktig' parti-ark? Vi gjorde en vurdering i forkant og innhentet informasjon om hvilke politiske partier som brant for og om de psykisk utviklingshemmede. Dette for at NN skulle stemme på et parti som er spesielt opptatt av '(hans/hennes) gruppe'. Men de som kanskje mest av alle trenger å bli hørt, faller utenfor også her.»*

...

*Vi har innhentet informasjon fra Likestillings- og diskrimineringsdepartementet, og kommunaldepartementet. De tolker reglene forskjellig. Se vedlegg under.*

*Jeg håper reglene kan endres og bli så tydelige at det skal være mulig for NN å få stemt ved fremtidige valg.»*

Klaga inneholdt og kronikk i BT skrevet av dokumentarfilmskaper Pål Winsents, samt informasjon frå Likestillings- og diskrimineringsombodet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette er vedlagt saka.

Fylkesrådmannen finn at klaga inneheld følgjande:

1. Klage på at det ikkje let seg gjere for NN å røyste ved årets kommune- og fylkestingsval.
2. At reglane kan endrast og verte så tydelege at det skal vere mogleg for NN å få røyste ved framtidige val.

Det vert lagt til grunn i saka at veljaren hadde motteke valkort i posten. Veljaren fyllar derfor krava om røysterett jamfør Valloven § 2-2 *Røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval*.

#### 1. Klage på at det ikkje let seg gjere for NN å røyste ved årets kommune- og fylkestingsval.

*«Vallova § 1-1 Lovens formål*

*Formålet med loven er å legge forholdene til rette slik at borgerne ved frie, direkte og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer.»*

Klagaren skriv at det ikkje er mogleg for veljaren å røyste utan hjelp frå verge. Klagaren fekk beskjed frå valfunksjonærane at vedkommande kunne vere med inn i avlukket, men ikkje hjelpe veljaren med å trekke riktig røystesetel.

Kommunen har gjeve slike opplysningar i klagan om at det ikkje let seg gjere for veljaren å røyste ved kommune- og fylkestingsvalet:

Mor/verge fekk informasjon av valfunksjonær om følgjande måtar å røyste på:

- Veljaren kunne røyste, med ein valfunksjonær og verge i avlukket jf. Valghåndboka 12.9.6  
«*Velgjere som trenger hjelp ved stemmegivningen*».
- Veljaren kunne ha setel/setlar med seg, men gå innom avlukket, før setelen vart stempla og putta i urna.
- Heimerøyting – valmedarbeidarar kunne ha kome heim til veljaren, jf Valghåndboka 10.9.13  
«*Ambulerende stemmegivning*».

Valloven, § 8-4 (8), seier:

*«Velgeren som har behov for det, kan selv be stemmemottaker om å få hjelp ved stemmegivningen. Velger med alvorlig psykisk eller fysisk funksjonshemmning kan selv peke ut en ekstra hjelper blant de personer som er til stede i valglokalet. Stemmemottaker skal gjøre hjelperen oppmerksom på at vedkommende har taushetsplikt etter § 15-4 (2).»*

Uttalen frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som ligg vedlagt klagan er teke frå Valhandboka s. 64. Der vert det nemnd: «*Utgangspunktet er at det er velgeren selv som avgjør om han eller hun vil stemme. Det å benytte sin stemmerett er frivillig. Verken nærtstående, valgmedarbeidere eller ansatte på ulike institusjoner og i trygde- og omsorgsboliger kan påvirke noen til å benytte seg av stemmeretten mot sin vilje, eller beslutte at en stemmeberettiget ikke skal få benytte stemmeretten sin. .... Det er videre viktig at valgmedarbeiderne er oppmerksomme på at det er velgeren selv som avgjør hva han eller hun skal stemme. Verken nærtstående eller ansatte på institusjoner skal kunne påvirke eller tvinge velgeren til å stemme på en bestemt liste. Slik påvirkning under stemmegivningen er i strid med loven.*

....

*Her, som ellers, er det viktig at stemmegivningen foregår i betryggende former, slik at kravet til hemmelig valg blir ivaretatt. Eventuelle medhjelpere skal gjøres oppmerksom på at vedkommende har taushetsplikt.»*

Det vert avslutta med at røystemottaker må utvise skjønn, og at vedkommende må ta ein konkret vurdering i kvart enkelt høve.

Valhandboka visar til at det er veljaren sjølv som avgjør om vedkommende ønsker å røyste, samt at det er viktig at veljaren sjølv vel kva parti vedkommende skal røyste på utan påverknad. Det er valmedarbeidaren sitt ansvar at desse prinsippa vert heldt, samt å sjå til at alle som ønsker å røyste skal få moglegheit til dette.

Fylkesrådmannen meiner at opplysningane i saka visar at valmedarbeidarane la til rette så godt dei kunne innafor rammene i vallova for at NN skulle få røyste ved kommunestyre- og fylkestingsvalet og rår til at klagaren ikkje får medhald i klagan.

## **2. At reglane kan endrast og verte så tydelege at det skal vere mogleg for NN å få røyste ved framtidige val.**

Reglane som her vert vist til er vallova og rettleiar til lova Valhandboka. Dette er Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt ansvar og er derfor utanfor fylkesvalstyret sitt saksområde.

Dersom det er grunnlag for å sjå nærmare på den problemstillinga denne klagan tek opp er det departementet som må gjere dette.

## Klage på vedtak

Valloven § 13-2 (4) seier: «*Departementet er klageinstans. Departementet skal kjenne fylkestingsvalget i en kommune eller i hele fylket eller kommunestyrevalget i en kommune ugyldig dersom det er begått feil som antas å ha hatt innflytelse på fordelingen av mandatene mellom listene og som det ikke er mulig å rette. Departementets vedtak i klagesaker etter denne paragraf er endelige og kan ikke bringes inn for domstolene.*»

I Valhandboka (s. 110) finn ein følgjande om handsaming av klagar: «*Valstyret/fylkesvalstyret skal prøve saka og vurdere om ei klage skal få medhald. Dersom ei klage ikkje får medhald, skal saka sendast over til riksvalstyret (ved stortingsval) eller departementet (ved lokalval) til behandling.*»